



Hammar-Kameratane AS  
Hella 60  
5936 MANGER

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/1859 - 17/11718

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
25.09.2017

## Byggesak Gbnr 24/311 Bø - parkeringsplass og veg - arkivert utan handsaming


Radøy kommune stadfestar å ha motteke dykkar søknad om tiltak – parkeringsplass og veg – den 20.09.17.

### Mottakskontroll – søknad arkivert utan handsaming

Søknaden er etter bygningsstyresmakta si vurdering i strid med plan. Når søknaden er i strid med plan kan den ikkje handsamast og vert difor arkivert utan handsaming.

### Grunngjeving

- Tiltaket er etter kommunen si vurdering i konflikt med kommunalt fastsett byggegrense mot sjø etter Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23.



Oppføring av tiltak på eigedomen vil krevje søknad om dispensasjon frå byggegrense mot sjø.

- Eigedomen er regulert til bustad og frådelt med føremål heilårsbustad. Det er no søkt om etablering av veg og parkeringsplass på ei vesentleg del av eigedomen, som etter kommunen sin vurdering vil medføre at eigedomen vert uegna som bustadeigedom. Føremålet med tiltaka går ikkje fram av søknaden, men ut i frå heimelshavartilhøva legg kommunen til grunn at føremålet er etablering av veg og parkeringsplass for fritidsbustaden på gbnr 24/48. Veg og parkeringsplass for fritidsbustad er etter kommunen sin vurdering ikkje er i tråd med arealføremål bustad i plan.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Hammar-Kameratane AS

Hella 60

5936

MANGER